



Det kongelige kommunal- og moderniseringsdep.

Pb 8112 Dep.

0032 OSLO

**Vår ref.**  
14/75-74/N-000//KAWV

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
06.07.2014

## **Høyiringsuttale frå Kvam herad vedr. lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar**

Kvam heradsstyre gjorde i sitt møte 17.06.2014 vedtak om følgjande høyiringsuttale:

Kvam herad støttar ikkje lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma. Dette er eit tiltak som i praksis gjer alle kommunar til ROBEK-kommunar, og bryt med ynskje om å styrka lokaldemokratiet. Det vil kunne medføra at låneopptaket til kommunane ikkje vil kunne skje til dei tidspunkt kommunen finn mest gunstig, eller at store statlege ressursar må setjast inn for å gjennomføra godkjenninga. Kvam herad ser òg at det er ein risiko for at kommunane kan få tap på kontraktsrettslege grunnlag dersom ein ikkje får godkjenning, eller at risikoen for dette medfører at innkjøp kan få dårlegare rammer med eit slikt etterhald.

Kvam herad har forståing for den spesielle situasjonen i forkant av ei omfattande kommunereform, men meiner likevel at det signaliserer liten tillit til kommunane si evne til å styra eigen økonomi på kort og lang sikt

Helsing

***Kari Weltzien Vik***

Leiar politisk sekretariat  
Telefon: 56553022  
Epost: [kwvi@kvam.kommune.no](mailto:kwvi@kvam.kommune.no)